

Elin Vikingen Fauske

Asbjørn Fauske,

Hatlemark 20,

6222 Ikornnes

Ikornnes 21.09.20

Til plan og byggenemda,

v/Larissa Dahl

Alver kommune.

Referanse: 20/14861 – 20/58867

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ LNF-FORMÅLET.

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGE OG DELEFORBOD I STRANDONA.

Vi viser til opprinneleg søknad og telefonsmtale med saksbehandlar i dag, og kjem herved med søknad om dispensasjoner.

Vi eig to hytter på Øpsø, g.nr 350 brnr 13 og 26. Dessutan eig vi br 32 og 33. Så mange bruksnummer fordi eigedomen har blitt utvida fleire gonger.

Vi fekk hyttetomt i 1986, då vi bygde på tomta (Bnr 26) Seinare har det blitt utvida, først med bnr 32 og så i 2007 med bnr 13 og 33. Min bror/svoger overtok samtidig bnr 20 der han har bygd hytte, og vi har resten av den opprinnelege eigedomen.

No ønskjer vi å overføre den eldste hytta (Bnr 13) til eit av våre barn. På eit seinare tidspunkt skal våre to andre barn overta den andre hytta. Vi ønsker at dei to tomtene skal vere om lag like store, derfor er det ikkje aktuelt å overføre heile bnr 33. Derfor søker vi om arealutviding av bnr 13. Grunngjevinga vår er slik:

I nordre del av eigedomen har det etter ei tidlegare grensejustering blitt bygd eit lite tilbygg der grensa til den opprinnelege bnr 13 går rett gjennom. Ein planta hekk på austsida av eigedomen gjer at det er naturleg å legge ny grense etter den, slik vi har teikna inn på kartet. Mot sør (sjøsida) er det også naturleg at grensa går slik vi har teikna inn. Terrenget er så bratt at det er vanskeleg å ta seg fram på utsida av den opprinnelege bnr 13, og mot vest er det slett ikkje naturleg at vi skal eige ei lita snippe som kun kan brukast som utviding av hagen til bnr 13.

Vi vil presisere at det ikkje er snakk om å bygge meir på tomte. Det er berre eit forsøk på å dele eigedomane våre på Øpsø rettferdig mellom borna våre, og følge naturlege, men enno ikkje oppmerka grenseliner.

Vi meiner vi har kome fram til ei fornuftig løysning som gjer at tomta blir samanhengande med naturlege grenser. Med vårt forslag om at dei skal eige til sjøen vil vi presisere at sjølinja består av stupbratte berg.

Mvh Elin Vikingsen Fauske og Asbjørn Fauske

